

Ein halv milliard i skatt til fellesskapet

Sogn og Fjordane Energi hadde eit resultat etter skatt på 440 millionar kroner i første halvår 2026. Det er det beste halvårsresultatet i selskapet si historie, og meir enn dobbelt så høgt som i same periode i fjor. Skatten i første halvår utgjer 501 millionar kroner, noko som betyr at meir verdier gjekk tilbake til fellesskapet enn det som vart att som resultat i selskapet

- Når marknadsprisane på kraft aukar, aukar også verdiane frå den fornybare kraftproduksjonen. Halvårsresultatet viser at ein svært stor del av desse verdiane går tilbake til fellesskapet gjennom skattesystemet. Det er eit konkret døme på korleis fornybar kraftproduksjon bidreg både til eigarane våre og til finansieringa av viktige samfunnsoppgåver, seier Knut Arild Flatjord

Resultatet etter skatt første halvår i fjor var 197 millionar kroner.

Firedobla kraftpris

Bakgrunnen for resultatforbetringa er i hovudsak auka kraftprisar i Midt-Noreg (NO3), der SFE har størstedelen av kraftproduksjonen sin. Gjennomsnittleg kraftpris i prisområde NO3 auka frå 21 øre per kilowattime i første halvår 2025 til 93 øre per kilowattime i same periode i år.

Kraftproduksjonen i første halvår var 1.105 GWh, som er 169 GWh lågare enn i same periode i fjor. Ein tørr vinter med påfølgande lite snøsmelting gav mindre tilsig til magasina enn normalt.

Høgare verdi

- Trass i at vi produserte mindre kraft enn i fjor, fekk vi vesentleg høgare verdi ut av kvar kilowattime vi produserte. Den sterke prisoppgangen i NO3 løfta inntektene frå kraftproduksjonen betydeleg, seier konsernsjef Knut Arild Flatjord

Nettoinntekta frå kraftproduksjonen auka frå 469 millionar kroner i første halvår 2025 til 1.091 millionar kroner i første halvår 2026. God vindkraftproduksjon på Lutelandet bidreg også til resultatet.

I vår selde Eviny og SFE det felleseigde selskapet Enivest til Telenor. Salet er no til behandling hos Konkurransetilsynet, og vil bli rekneskapsført når Konkurransetilsynet har godkjent salet. Salet av Enivest-aksjane styrkar SFE finansielt og gir grunnlag for vidare vekst innan fornybar kraftproduksjon.

Investerer i ny produksjon

SFE held fram med bygginga av Nye Øksnelvane kraftverk. Prosjektet utgjorde den største investeringsposten i første halvår, og kraftverket er planlagt ferdigstilt i 2029. I tillegg til Øksnelvane jobbar selskapet med dei konsesjonsgitte prosjekta Instelvane og Bredvatn i Ålfoten-området.

- Eit godt resultat gjer oss endå betre rusta til å investere vidare i ny fornybar kraftproduksjon. Vi arbeider no med detaljplanlegging, kostnadsvurderingar og innhenting av tilbod, og tek sikte på å bestemme oss om dei to prosjekta innan utgangen av året, seier konsernsjefen.

27 nye tilsette

SFE er i eit generasjonsskifte og ein periode med høg aktivitet, og sidan starten av 2024 har konsernet til saman tilsett 27 nye medarbeidarar på Sandane, i Sogn, Svelgen og Ålfoten.

- Vi skal både drifte eksisterande anlegg, gjennomføre store utbyggingsprosjekt og styrkje verksemda på fleire område. Då treng vi fleire dyktige medarbeidarar. Det er difor svært gledeleg at vi lukkast godt med rekruttering, seier konsernsjef Knut Arild Flatjord.

Av dei 27 nytilsette er fire tilsett i det heileigde dotterselskapet Nyvinn.

Kontaktpersonar:

Martin Holvik (leiar for økonomi og finans): martin.holvik@sfe.no/ tlf 916 95 234

Knut Arild Flatjord (konsernsjef): knut.arild.flatjord@sfe.no/ tlf 453 91 436